

Rådmannen i Modalen kommune  
Her.

1. november 2023

## **Søknad om tilskot til drift av Mo Sokn for 2024.**

Mo Fellesråd gjorde i møte 24. oktober, sak F 16/2023 vedtak for budsjett 2023, som vert lagt til på side 2 i denne søknaden.

Mo Sokn søker med dette om kommunalt tilskot til drift av Mo Sokn for 2023 på kr 1.295.000,-.

### **Kyrkjeverga sine kommentarar til budsjettet:**

Budsjettet 2024 for Mo sokn balanserer med eit rammetilskot på kr 1.295.000,- og samla utgift på kr 1.471.000,-. Tilsvarande tal for 2023 var kr 1.404.720,-, og ein legg til grunn ein samla kostnadsauke på 4,7% grunna høgare lønskostnader. Tilskotet er auka med 4,3%, likt som deflatoren.

Det kjem ein større vedlikehaldspost på Mo kyrkje i nær framtid. «Søknad om kommunalt tilskot til å vøle klokketårnet på Mo kyrkje i 2024» på kr 305.000,- er overrakt rådmannen august 2023 og er ikkje lagt inn i denne søknad for drift av Mo sokn i 2024.

### **Andre kommentarar til 2024-budsjettet:**

- Budsjettert for normal drift 2024.
- Framleis redusert fast løn post 42.100 til kr 60.000,- grunna at me mangler fast tilsett kyrkjetenar. Denne posten må opp når fast kyrkjetenar er tilsett.

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Lars Bjarte Nesheim  
Kyrkjeverge Mo Sokn



Saksnr		Møtedato
F 16/2023	Budsjett 2024	24.10.2023

I budsjettet for 2024 vert det brukt ein kommunal deflator på 4,3.

Drifta går som tidlegare, og der er ikkje budsjettert inn større endringer. Kyrkjeverje ynskjer halde på kr 60.000,- for innleigde tenester på gravplassane og gjev så handlingsrom på dømevis måling av rekkverk.

Budsjettet balanserer med eit kommunetilskot på kr. 1.295.000,-. Tilskotet er auka med 4,3%, likt som deflatoren.

Det er ikkje gjort meir med nytt piano i Mo kyrkje og heller ikkje sett av budsjettmidler for nytt piano i denne omgang.

Mo kyrkjelege fellesråd har søkt Modalen kommune v/rådmann om kr 305.000,- i tilskot for skifte kledning på klokketårn og vestveggen på Mo kyrkje. Denne summer er ikkje implementert i budsjettforslaget.

Samrøystes vedtak Mo kyrkjelege fellesråd:

Framlagd forslag til budsjettet vedtatt. Kyrkjeverje og leiar i fellesrådet får fullmakt til å gjere naudsynte justeringar.